

INNSPEL TIL PLANPROGRAM

FAU Kløvheim Skule

FAU ved Kløvheim Skule har nokre innspel til Planprogrammet for barnehage og skulebruksplan.

- God dialog med barneskulekrinsane er utrulig viktig for å få innblikk i kva som rører seg i krinsane. Prognosar på befolkningsvekst er eit godt utgangspunkt, men det viser ikkje heile det aktuelle bildet. Det må settast av tid på nyåret når prosessen begynner å ta form, og være tidlig i dialog med skular.
- Grundig gjennomgang av skulebygg og uteareal. Sjå på muligheit for mottakarskular med potensiale for utviding. Det fins mange gode bygg i kommunen som kan nyttast som midlertidig mottakarskule. Dette kan gje kommunen rask økonomisk besparelse.
- Avstandar og plassering av Barnehage og Barneskule. Me har eit tett samarbeid med barnehagen som ligg rett ved skulen. Dette skapar ein trygg og fin overgang for førskuleborna til 1. Klasse.
- Areal rundt skulekrinsen og potensiale for uteskule. Skulen nyttar ofte dei mange turstiane i området når dei har uteskule. Med nærskap til elvar, sjø og vatn gjer dette gode utgangspunkt for ein aktiv skule, der naturen kan nyttast i undervisning.

FAU Kløvheim ynskjer utvalget lykke til med planarbeidet.

FAU Kløvheim 29.09.23